

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 08.08.2016
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 30. juni 2016**

ARKIVSAK: 2016/2492
STYRESAK: **092/16**

STYREMØTE: **07.09. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka om tilleggsdokument til oppdragsdokument 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet til etterretning.

Oppsummering

Helse Vest RHF har mottatt eit tilleggskokument til oppdragsdokumentet for 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), dagsett 30.06.2016. Tilleggskokumentet inneheld nye krav innfor alle dei tre hovudområda i oppdragsdokumentet:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Fakta

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokoll frå føretaksmøta er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

I det følgjande blir det orientert kort om innhaldet i tilleggskokumentet.

1. Redusere unødvendig venting og variasjon

Mål 2016:

- RHF-a skal lyse ut fleire driftsavtalar for avtalespesialistar, med sikte på at tal årsverk i 2017 vert større enn i 2016.

Andre oppgåver 2016:

- Bidra i Helsedirektoratet sitt arbeid om registrering av ventetid i spesialisthelsetenesta.
- Fagområda ortopedi og psykisk helsevern er gitt særskilt styringsmessig prioritet for å få ned unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.

Det skal mellom anna utviklast eit indikatorsett som måler kapasitetsutnytting og effektivitet til samanlikning på tvers av sjukehus, og som primært blir målt på det nivået der pasientbehandling faktisk skjer (poliklinikk, avdeling, sengepost og operasjonseining). Det skal også gjerast systematiske samanlikningar mellom sjukehus av gjennomsnittleg liggetid og del dagbehandling for utvalde prosedyrar/pasientforløp. NPR skal samanstillе og publisere data for dagbehandling og gjennomsnittleg liggetid på prosedyrenivå basert på utvalet av og definisjonar av prosedyrar fastsett av dei regionale helseføretaka.

Arbeidet med å redusere venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga skal sjåast i samanheng med og koordinerast tett med oppdraget om å måle uberettiga variasjon i forbruk av helsetenester for eit utval av prosedyrar.

2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling

Andre oppgaver 2016:

- Helse Vest RHF skal levere kort status for arbeidet med å etablere system som sikrer komplette og korrekte data om bruk av tvangsmiddel i psykisk helsevern. Komplette data om bruk av tvangsmidler for 2014 og 2015 skal rapporterast til NPR.

3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Andre oppgaver 2016:

- Delta i nasjonal kampanje om hjerneslag
- På bakgrunn av Meld. St. 34 (2015-2016) *Verdier i pasientens helsetjeneste – Melding om prioritering* skal RHF-a:
 - samarbeide med Statens legemiddelverk, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet om ei utgreiing om konkretisering og operasjonisering av dei foreslåtte prinsippa for prioritering. Dei skal òg sette i verk eit arbeid for å revidere rettleiarar for høvesvis metodevurderingar og økonomisk evaluering av helsetiltak.
 - samarbeide med Statens legemiddelverk om å etablere felles praksis for korleis grad av alvor og skjønnsmessige vurderingar skal vektast inn i avgjerdene om å finansiere nye legemiddel og metodar.
 - saman med Statens legemiddelverk samarbeide med Helsedirektoratet i utgreiinga knytt til finansieringsansvar for legemiddel mellom folketrygda og RHF-a.

Vedlegg 1 – tildeling av midlar

Kap. 732, post 70 – Vedlikehaldstiltak.

Helse Vest er tildelt 35 millionar kroner til vedlikehaldstiltak, og det skal rapporterast på sysselsettingseffekten.

Departementet ber avslutningsvis RHF-a førebu seg på føringar jf. Kommuneproposisjonen 2017 (Prop. 123 S (2015-2016) i Meld.St. 26 (2014-2015) *Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet*, og nemner her:

- Regjeringa vil innføre kommunal plikt til å tilby ø-hjelp døgnopphald for menneske med psykisk helse- og/eller rusmiddelproblem frå 2017.
- Regjeringa tek sikte på å innføre betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling (TSB), og dette vil, grunna stor uvisse i datagrunnlaget, skje tidlegast i 2018

Vedlegg:

1. Oppdragsdokument 2016 – tilleggskdokument etter stortingets behandling av Prop. 122 S (2015-2016), dagsett 30. juni 2016
2. Brev frå Helse Vest RHF til helseføretaka om krav i tilleggskdokument, dagsett 8. august 2016